

Saksbehandlar: Roald Breistein
Sak nr.: 17/9379-5

Forvaltningsrevisjon innan reiseliv i Sogn og Fjordane fylkeskommune - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan reiseliv frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 14.03.2018.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Sogn og Fjordane fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Det er ønskeleg at Deloitte kjem med forslag til prioritering av forslag til tiltak som går fram av revisjonsrapporten.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 3. september 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Vedlegg:

Forslag til prosjektplan - Sogn og Fjordane fylkeskommune - forvaltningsrevisjon reiseliv

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde vedtak i sak 58/17 i møte 13.12.17 om å bestille forvaltningsrevisjon frå Deloitte innan reiseliv.

Bestillinga som vart send til Deloitte inneheld slikt føremål og problemstillingar:

«Formålet med dette forvaltningsrevisjonsprosjektet er å få undersøkt i kva grad fylkeskommunen ivaretek si rolle overfor reiselivsaktørane i fylket. Det er også ein del av formålet få vurdert rutinar og oppfølging rundt fylkeskommunen sine tilskot til reiselivssatsinga.»

Bestillinga inneheld vidare slike forslag til problemstillingar:

- *Korleis er organiseringa av fylkeskommunen si satsing innan reiseliv?*
 - ✓ *I kva grad er organiseringa føremålstenleg?*
 - ✓ *I kva grad har fylkeskommunen sett mål for reiselivssatsinga?*
 - ✓ *Korleis er måloppnåinga?*
- *Kva rutinar har fylkeskommunen for tildeling av tilskot innan reiseliv?*
 - ✓ *I kva grad er dette føremålstenlege rutinar?*

- ✓ *Korleis vert rutinane følgt?*
- ✓ *Ivaretek fylkeskommunen rolla si i samsvar med lover, regler og fylkestinget sine instruksar?*
- *Kva tilskot yter fylkeskommunen innan reiseliv?*
 - ✓ *Kva krav stiller fylkeskommunen til dei som mottak tilskot?*
 - ✓ *Korleis blir bruken av tilskota følgt opp av fylkeskommunen?*
 - ✓ *Kva rutinar har fylkeskommune for å følgje opp bruken av tilskot?*
 - ✓ *Blir oppfølging og rapportering av dei fylkeskommunale tilskota innan reiseliv i Sogn og Fjordane utført i samsvar med politiske vedtak og avtalar?*
- *I kva grad ivaretek fylkeskommunen satsinga innan reiseliv i samsvar med regelverket?*
 - ✓ *Kva kontrollaktiviteter vert gjennomført for å sikre at fylkeskommunen når sine mål og følgjer lovverket innan reisleivssatsinga?*

Vurderingar og konsekvensar

Med utgangspunkt i det som går fram over har Deloitte levert forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon innan reiseliv i Sogn og Fjordane. Prosjektplanen følgjer som vedlegg.

Av den føreslåtte prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøkje i kva grad Sogn og Fjordane fylkeskommune har etablert tydelege mål og strategiar for å ivareta rolla si innanfor reiseliv, og i kva grad desse blir følgt opp på føremålstenleg vis. Det er også eit føremål å vurdere rutinar for tildeling og oppfølging av fylkeskommunen sine tilskot til reiselivsnæringa i fylket.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

- 1. I kva grad har Sogn og Fjordane fylkeskommune etablert tydelege mål og strategiar for reiseliv?**
 - a) *I kva grad er det fastsett tydelege mål for fylkeskommunen sitt arbeid innanfor reiseliv?*
 - b) *I kva grad er det etablert strategiar og tiltak for å nå fastsette mål?*
 - c) *I kva grad følgjer fylkeskommunen opp det som er definert å vere fylkeskommunen si rolle og oppgåver overfor reiselivsaktørar i fylket?*
 - d) *Er det etablert føremålstenlege system for evaluering av måloppnåing, som viser i kva grad mål knytt til reiseliv blir nådd?*
- 2. I kva grad har fylkeskommunen ei føremålstenleg organisering av arbeidet knytt til reiseliv?**
 - a) *I kva grad er fordeling av oppgåver, ansvar og mynde innanfor arbeid med reiseliv i fylkeskommunen tydeleg fordelt?*
 - b) *I kva grad er fylkeskommunen si rolle innanfor reiseliv tydeleg definert, både internt og ut mot samarbeidspartar?*
 - c) *I kva grad er det etablert system og rutinar for å sikre at fylkeskommunen følgjer opp reiselivssatsinga i samsvar med overordna føringar?*
- 3. Har Sogn og Fjordane fylkeskommune tilfredstillande rutinar for tildeling og oppfølging av tilskot til reiselivsaktørar i fylket?**
 - a) *I kva grad gir fylkeskommunen tilskot til reiselivsaktørar, og kva type tilskot blir eventuelt gitt?*
 - b) *I kva grad har fylkeskommunen definerte strategiar og mål knytt til fylkeskommunale tilskot til reiselivsaktørar i fylket?*
 - c) *I kva grad stiller fylkeskommunen, gjennom tilskotsbrev eller på anna vis, vilkår og/eller krav til mottakarane sin bruk av fylkeskommunale tilskot?*
 - d) *I kva grad blir det, ved tildeling av fylkeskommunale tilskot, stilt krav til rapportering om bruken av tilskotet?*
 - e) *I kva grad følgjer fylkeskommunen opp reiselivsaktørar sin bruk av tilskota, og etterleving av eventuelle krav til bruk og/eller rapportering?*

I dette revisjonsprosjektet vil Deloitte m.a. nytta dokumentanalyse, intervju, stikkprøvegjennomgang, analyse av statistikk og verifisering og høyring som metode. Revisjonen ønskjer å gjennomføre omlag 4 intervju med utvalde personar i Sogn og Fjordane fylkeskommune som er involvert i reiselivssatsinga til fylket. Vidare vert det lagt opp til å gjennomføre 4-5 korte telefonintervju med utvalda samarbeidspartnarar innan reiseliv.

Med utgangspunkt i det omfang som ligg i den føreslåtte prosjektplanen meiner sekretariatet at det kan forsvarast å bruke inntil det timetal som er føreslått.

Konklusjon

Sekretariatet meiner at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og i tråd med dei føringar som ligg i bestillinga frå kontrollutvalet. Føremål og problemstillingar synest også å vera i tråd med dette.

Når det gjeld timetalet vil sekretariatet tilrå at det vert godkjend inntil det timetal som går fram av prosjektplanen. Vidare bør det aksepterast opsjon på ev. presentasjon av revisjonsrapporten for Sogn og Fjordane fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.